



Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Masfjorden - 37/3 mfl - universell tilkomst til dagsturhytte - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 18.12.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon for bygging av universell tilkomst på gnr. 37 bnr. 3,7 og 8 til dagsturhytte.

Det er naudsynt med dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og frå LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen.

Det er søkt dispensasjon for å utføre følgjande tiltak:

1. Bygge universell gangveg (145 m) i strandsone med anlegg på land for tilkomst til badeplass, fiskeplass og flytebrygge.
2. Legge ut flytebrygge for enklare tilkomst til og frå sjøen, også for funksjonshemma.
3. Oppgradering av traktorveg (500 m) og bygging av universell tilpassa gangveg (925 m) i areal med LNF-formål.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempane, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Vi er i utgangspunktet positivt til at tilkomst til dagsturhytta vert universelt uforma om dette kan gjerast utan at verdiane i området vert råka. Vi vil likevel presisere at ein veg igjennom eit urørt område som dette, kan vere negativ for landskap og naturmangfald. Området er i dag så godt som urørt. Slike urørte område er viktig for både naturmangfald og friluftsinnteresser. Naturverdiar i området må vurderast etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Søknaden er lite utfyllande på korleis vegen skal byggast. Søknaden må vere tydelegare på både terrenginngrep og utforming. Vi kan ikkje ta endeleg stilling til vegen før dette er klarlagt. Vi oppfattar likevel inngrepa som omfattande, særleg i strandsona.



Det er det viktig at det vert gjort ei grundig avveging av mogleg interessekonfliktar i området. Vurderinga av naturmangfaldsverdiar og landskapsverknadar er sentralt. Kommunen må òg vurdera kva forventingar ei slik omfattande bygging av turveg kan få for tilsvarande søknadar knytt til andre turområde i kommunen.

Før ein kan gjere vedtak i saka må ein klarare skildring av inngrepa vere på plass. Det må gjerast ei grundig vurdering av verknadene for landskap, friluftsliv og naturmangfald.

Statsforvaltaren i Vestland si foreløpige vurdering er at om ein skal leggje opp til universell utforma tilkomst, må dette gjerast på ein mest mogleg skånsam måte. Det bør også vere mogleg å fjerne tiltaka utan varige sår i terrenget.

Vi ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN